

From: Knut William Bygland <bygland@online.no>
Sent: onsdag 24. november 2021 17.09
To: NVE
Cc: post@bygland.kommune.no; post@lundogco.no
Subject: Uttale til revisjonsdokument for regulering av Otravassdraget
Attachments: Vedlegg 1 pdf (1).pdf; Vedlegg 2 pdf (2).pdf

Til NVE

Uttale til revisjonsdokument for regulering av Otravassdraget – dykkar ref. 201702382-29 med høyringsfrist 1. desember 2021

Ein visar til undertekna sitt brev av 17.02.2021 (vedlegg 1) og vil bare uttale seg om den delen som gjeld å senke fjorden under kote 202,00 i sumarsesongen og eventuelt utvide denne.

Ein finn dette forslaget underleg og lite gjennomtenkt og må oppfattast som ein dispensasjon frå gjeldande Strandsoneplan i Bygland.

Underleg fordi Bygland kommune, godt støtta av dei andre kommunane, her fyreslår eit tiltak stikk i strid med klare ynskje og føringar i den relativt nye Strandsoneplanen i Bygland stadfest 05.05.2015 på dette punkt (sjå vedlegg 2). Ein plan som var grundig ute på høyring og skal vere eit verktøy for alle i plan- og byggeprosessar.

Lite gjennomtenkt mht konsekvensar. Ein vil her vise til alle dei innvendingane der kom bare for å tappe ned fjorden i eit par veker i 1992 (Kunngjort i Fedrelandsvennen 2.3.1992). Bare for dette korte tiltaket kom der inn så mange protestar at KEV måtte finne ei annan løysing for å gjere dei utbetningsarbeida på Steinsfoss/Nomeland kraftstasjon. Og i dette tilfellet er det snakk om permanente endringar som vil ha store negative konsekvensar for bl.a. båt-, hytte- og næringsliv rundt Byglandsfjorden. Dei positive verknadane står ikkje i høve til dei negative.

Ein finn det nok her å framheve Bygland kommunes eige ynskje nedfelt i Strandsoneplanen av 2015:

«På denne bakgrunn tilrår Bygland kommune at regulanten Otteraaens Brugseierforening (OB) lyt halde sommarvasstanden i Byglandsfjorden på kote 202,3 så sant det let seg gjere utifrå nedbør/avrenning og vassføring i Otravassdraget.»

Forslag:

- 1. Strandsoneplanen på dette punkt må gjelde og kan ikkje endrast som noko «mindre endring», men kun med full høyringsrunde..**
- 2. Kote 202,3 bør takast inn som ei endring i Manøvreringsreglementet av 3. oktober 2003, 4. avsnitt som har oppfordring i dag om å halde fjorden om sumaren mest mogleg på kote 202,5. Men uansett inga endring på å tillate under kote 202,0.**
- 3. Skal sumarsesongen (vårflaumens kulminasjon – 1. september) utvidas bør dette utgreiast med ei konsekvensutgreiing på kva det kan ha å seie bl.a. for flaumfaren med å ikkje tappe fjorden tidsnok. Ein minner om at «vårflaumens kulminasjon» dei**

seinare åra har vore veldig variert – alt ifrå 10. april til nærare 1. juni det same med kva tid haustflaumane set inn.

Ein vil her bruke Statsforvaltaren i Agder sine eigne ord i samband med ein uttale 1.3.2021 om å fråvike Strandsoneplanen i Bygland:

«Statsforvaltaren finn det generelt sett uheldig å dispensere frå arealplanar. Slik planer er normalt kome til etter ein omfattande og grundig prosess, og vesentlege planføresetnader bør ikkje fråvikast ved enkeltdispensasjonar.»

Kommunane bør derfor omformulere sitt krav i samsvar med vedtatt Strandsoneplan alternativt endre Strandsoneplane fyrst etter grundig prosess.

På vegne av

**Dalskilen AS (Hyttegrend med 40 tomter)
Setesdal Resort AS (Setesdal Hotel og Bygland Fjordhytter)
Reiårsfossen Velforening (120 hyttetomter/40 hytter)**

Knut William Bygland

**Kopi: 1. Otteraaen Brugseierforening v/Grunde Johnsen
2. Kommunane (kravstillar) v/adv.firma Lund&Co DA**